

# NAUSTDAL KOMMUNE

## SAKSUTGREIING

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
FORMANNSKAPET	25.08.2011	049/11	AHK
KOMMUNESTYRET	01.09.2011	052/11	AHK

Saksansv.: Annelaug Kjelstad	Arkiv: K1-242 Objekt:	Arkivsaknr 08/103
	Avgjerd av:	

### UTVIKLINGSFOND FOR NAUSTDAL-GJENGEDAL LANDSKAPSVERNOMRÅDE - GODKJENNING AV VEDTEKTER FOR FONDET OG OPPNEMNING AV FONDSSTYRE

#### Vedlegg:

- Vedtekter for utviklingsfond for Naustdal – Gjengedal landskapsvernopråde, datert 18.05.2011
- Samarbeidsavtale etter kommuneloven sin § 28c om forvaltning av utviklingsfondet for Naustdal – Gjengedal landskapsvernopråde
- Utskrift av kap. 5 i kommunelova. Interkommunalt samarbeid § 28 b,c, e, f, h-k om administrativt vertskommunesamarbeid.
- Utskrift frå Gloppen formannskap i sak 022/11
- Utskrift frå Gloppen formannskapsak 063/11 og kommunestyre i sak 035/11

#### Andre saksdokument (ikkje vedlagt):

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	02.07.2009	Harald Kjær	UTVIKLINGSFOND. UTKAST TIL VEDTEKTER OG EIT UTKAST TIL OVERSENDINGSBREV.
3	I	07.09.2009	Harald Gloppen kommune v/Kjær	UTVIKLINGSFOND FOR NAUSTDAL - GJENGEDAL LANDSKAPSVERNOMRÅDE -

4	I	17.12.2009	Direktoratet for Naturforvaltning	OVERSENDING AV ARBEIDSGRUPPA SITT FRAMLEGG TIL VEDTEKTER UTBETALING AV MIDLAR TIL GLOPPEN KOMMUNE
5	I	05.03.2010	Gloppen kommune - landbrukskontoretv/ Harald Kjær	INNKALLING TIL MØTE I ARB.GRUPPA UTVIKLINGSFOND NAUSTDAL - GJENGEDAL
6	I	15.02.2011	Gloppen kommune v/rådmann	LANDSK.VERNOMRÅDE 12.03.10. VS: VEDTEKTER FOR OG ORGANISERING AV ARBEIDET MED FORVALTNING AV UTVIKLINGSFONDET FOR NAUSTDAL-GJENGEDAL - NY BEHANDLING
7	I	01.06.2011	Marit Elisabeth Larssen	UTVIKLINGSFOND NAUSTDAL/GJENGEDAL LANDSKAPSVERNOMRÅDE. GODKJENNING AV VEDTEKTER FOR FONDET OG OPPNEMNING AV FONDSTYRE

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn for saka:

I samband med oppretting av Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde blei det sett av 10 millionar kroner til eit utviklingsfond for området. Dei 4 kommunane som er berørt av vernet, Førde, Naustdal, Jølster og Gloppen, har ansvar for forvaltning av fondet og skal fastsette vedtekter for det samt oppnemne fondstyre.

Ordførarane i dei 4 kommunane har vore ansvarlege for å få utarbeidd framlegg til vedtekter og organisering. Dei er blitt presentert ulike modellar både for forvaltning og drift, og har etter kvart samla seg om ein modell som med dette blir lagt fram for kommunestyra til behandling.

Den førre saksutgreiinga og vedlegga til den er lagt ved denne saka. Eg syner til denne utgreiinga når det gjeld utdjupingar og vurderingar, og presenterer no berre den løysinga som ordførarane samla seg om på møte i Naustdal 18.05.2011.

I opprinneleg sak er det ein feil i tabellen som syner arealfordeling. Riktig arealfordeling er slik:

		%
Gloppen	232 km <sup>2</sup>	59,033
Naustdal	85 km <sup>2</sup>	21,628
Førde	23 km <sup>2</sup>	5,852
Jølster	53 km <sup>2</sup>	13,486
Sum	393 km <sup>2</sup>	100,000

#### Saksutgreiing:

Ordførarane samla seg om følgende framlegg til modell for forvaltning og drift av fondet

1. Gloppen kommune blir vertskommune og får ansvaret for det administrative arbeidet med forvaltning av utviklingsfondet.
2. Det blir oppnemnd eit felles folkevald nemnd med 9 medlemmer jfr kommunelova § 28c. Nemnda har 3 representantar frå Gloppen og 2 frå kvar av dei andre kommunane. Grunneigarane blir representert i nemnda med 4 representantar av dei 9. Det skal vere ein grunneigarrepresentant frå kvar av kommunane.
3. Utgifter til deltaking i arbeidet blir betalt av deltakarkommunane sjølve og ikkje av avkastninga frå fondet.
4. Administrative kostnader blir delt likt mellom dei 4 kommunane. Ein gong pr år sender Gloppen kommune spesifisert rekneskap for sitt arbeid,
5. Fondet skal indeksregulerast årleg gjennom bruk av avkastninga av fondet. Restbeløp etter indeksregulering skal nyttast til tilskot

### **Økonomiske konsekvensar:**

Kommunane skal dekke sine egne kostnader for medlemma i nemnda og i klagenemnda. Det blir soleis opp til kva av kommunane å finne løysing for korleis dei skal honorere sitt arbeidet i nemnda.

Utgifter til administrasjon av fondet skal delast likt mellom kommunane etter rekning frå Gloppen kommune. Det er stipulert ei utgift på ca kr 60.000,- til dette arbeidet. Etter eitt års drift vil endelege utgifter til administrasjonen av fondet kunne bli fastsett.

### **Vurdering:**

Det haster etter kvart med å få vedtatt forvaltningsmodell og vedtekter for fondet, slik at arbeidet med utvikling av næringsretta aktivitet i Naust/Gjengedal kan kome i gang.

For grundigare vurderingar og kommentarar til saka syner eg til vedlagte saksutgreiing og øvrige vedlegg.

Eg rår til at kommunestyra i dei 4 kommunane slutter seg til framlegget til vedtekter og driftsmodell for utviklingsfondet for Naustdal/Gjengedal.

### **TILRÅDING:**

1. Kommunestyret i Naustdal godkjenner vedtektene for utviklingsfondet for Naustdal og Gjengedal landskapsvernområde, datert 18.05.2011
2. Gloppen kommune blir godkjent som vertskommune for samarbeid. Avtalen som følger som vedlegg til saka, blir lagt til grunn for samarbeidet. Avtalen har dokument nr 154292
3. Modell for styring av fondet er heimla i kommuneloven sin § 28c om felles folkevald nemnd. Nemnda skal ha 9 medlemmer. Fordelinga mellom kommunane og reglar for oppnemning av nemnda går fram av avtale og vedtekter. Det vert presisert at utgiftene til drift av fondet ikkje skal belastast fondet eller avkasninga frå dette.
4. Klagesaker blir behandla etter kommuneloven sin § 28g
5. Kommunestyret delegerer myndet til forvaltning av fondet til den felles folkevalde nemnda.
6. Fondet skal indeksregulerast årleg gjennom bruk av avkastninga av fondet. Restbeløp etter indeksregulering skal nyttast til tilskot.
7. Kommunestyret skal ha årleg rapport om arbeidet med forvaltning av fondet og utviklingsarbeid i verneområdet relatert til bruk av fondet.

## **25.08.2011 FORMANNSKAPET**

### **VEDTAK:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken

**SAKSORDFØRAR:** Jan Herstad

## **01.09.2011 KOMMUNESTYRET**

### **VEDTAK:**

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.